

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2017, 26.oktober 2017

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen

FORNYING AV WWW.HIVOLDA.NO

Innhaldet på www.hivolda.no vil onsdag 25. oktober kome i ny drakt og med nytt, frisk, spennande og kjekkare utforming. I skrivande stund kvalitetssikrar Kontor for samfunnskontakt og leverandøren ein skilde detaljar ved det nye systemet. Nettsidene våre er den viktigaste kanalen for rekruttering av nye studentar, portal for kommunikasjon med dagens studentar og for kommunikasjon med forskarar og andre utanfor vår eigen institusjon. Systemet vi har hatt har no gått ut på dato og Tilsette som skal arbeide med nett vil få eigne kurs og vonleg vil vi no få eit system som er slitesterkt og godt i mange år framover.

Før dei nye nettsidene kjem på lufta kan interesserte studere eit utval av tidlegare nettsider på HVO (henta frå archive.org).

5.november

1996: <https://web.archive.org/web/19961105221530/http://www.hivolda.no:80/>

9.november

2000: <https://web.archive.org/web/20001109105400/http://www.hivolda.no:80/>

5.november

2005: <https://web.archive.org/web/20051105060257/http://www.hivolda.no:80/>

24.november 2010: <https://web.archive.org/web/20101226230703/http://www.hivolda.no/>

1.desember 2015: <https://web.archive.org/web/20151201080112/http://hivolda.no:80/>

FORSKINGSRÅDSMIDLAR TIL FORSKING PÅ NETTBRETT OG HANDSKRIFT I SKULEN: "DIGIHAND"

Høgskulen i Volda skal forske på korleis nettbrett blir brukt i skulen, særleg av dei yngste elevane. Korleis bruk av nettbrett påverkar handskrift er eitt av spørsmåla forskarane lurar på. Det er førsteamanuensis Wenke Mork Rogne som er prosjektleiar for prosjektet og forskingsleiar er førsteamanuensis Siv Måseidvåg Gamlem. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger er også ein partner i prosjektet. Per Henning Upstad ved Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger er også professor II ved Høgskulen i Volda og er ein fagleg medarbeidar i prosjektet. Midlane er tildelte frå Noregs Forskningsråds program FINNUT. Prosjektet søkte om 12,5 mill, men det er ikkje klart kor mykje som faktisk blir tildelt. Det var 4 av 16 prosjekt som fekk gjennomslag og i tillegg til Høgskulen i Volda fekk også prosjekt frå NTNU, HVL og HSN tildelt forskingsmidlar.

[https://www.forskningsradet.no/prognett-](https://www.forskningsradet.no/prognett-finnut/Nyheter/Soknader_fra_grunnskolelererutdanningene_innvilget/1254031091451/p12539)

[finnut/Nyheter/Soknader fra grunnskolelererutdanningene innvilget/1254031091451/p12539](https://www.forskningsradet.no/prognett-finnut/Nyheter/Soknader_fra_grunnskolelererutdanningene_innvilget/1254031091451/p12539)

[90820613](https://www.forskningsradet.no/prognett-finnut/Nyheter/Soknader_fra_grunnskolelererutdanningene_innvilget/1254031091451/p12539)

Les meir om prosjektet på nettsidene til Lesesenteret:

<http://lesesenteret.uis.no/forskning/forskningsartikler/handskrift-i-den-digitale-tida-article121182-12576.html>

INTERNASJONALT FORSKINGSVERV TIL WERENSKJOLD

Forskningsrådet har peika ut førsteamanuensis Rolf Werenskjold ved Avdeling for mediefag som ein av to norske medlemmer av styringskomiteen for Cost Action-programmet "New Exploratory Phase in Research on East European Cultures of

Postboks 500

6101 Volda

tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse

Joplassvegen 11

6103 Volda

postmottak@hivolda.no

hivolda.no

Dissent" CA16213 (2017-2021). Cost Action-programma er viktige faglege nettverk innanfor EU-forskinga og programmet Werenskjold har blitt med i tel fleire enn tretti land. Werenskjolds bakgrunn er blant anna at han har vore prosjektleiar for prosjekt som Media and Protest/Media and the Cold War som blant anna har fått FoU-prisen ved HVO:

<http://www.hivolda.no/hivolda/forsking-og-utvikling/doktorgrad-i-volda/historie?displayitem=5128&module=news>

Meir om programmet: http://www.cost.eu/COST_Actions/ca/CA16213

LYSER UT STILLING SOM FORSKINGSSJEF

Høgskulen i Volda har nett lyst ut stilling som forskingssjef. Stillinga er ledig etter at Ola Teige har fått ei fagleg stilling som førsteamanuensis i historie. Forskingssjefen vert leiar for felles FoU-administrasjon og skal arbeide like under rektor og direktør og blir blant anna sekretær for Forskingsutvalet. Den viktigaste oppgåva til forskingssjefen er å bidra til at forskarane ved Høgskulen i Volda skriv fleire gode søknader om forskingsmidlar. Det blir kravd at den som blir tilsett har doktorgrad eller tilsvarande. Stillingstlysinga finn du her: <http://www.hivolda.no/stilling>

STUDIEBAROMETERET RULLAR VIDARE

Studentane som er inviterte til å delta i Studiebarometeret får i vekene framover besøk frå prorektor Jens Standal Groven og/eller Margrethe Munthe Vassbotn i studieadministrasjonen som informerer om Studiebarometeret og oppmodar studentane til å bruke nokre minutt på å svare på spørsmåla. Jens Standal Groven har også fått spelt inn ein introduksjonsfilm til Studiebarometeret:

<https://youtu.be/pxroql53WCw>

STOR OPPSLUTNAD OM CANVAS-KURS

Canvas-systemet har vorte teke godt i mot av både tilsette og studentar. Så langt har 138 av dei fagtilsette vore på Canvas-kurs og det blir også gjeve noko meir kurs framover, no i regi av IT-kontoret. Ta kontakt med Jørn H. Persson for meir informasjon.

TRAKASSERING PÅ DAGSORDEN

Trakassering av studentar har kome på dagsorden i UH-sektoren i år, og ved Høgskulen i Volda er det læringsmiljøutvalet som no vurderer korleis trakassering skal varslast, korleis meldingar skal følgjast opp og kva interne retningslinjer slike vurderingar skal bygge på. Det vil kome meir informasjon om dette seinare. Nettsidene til Læringsmiljøutvalet: <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/laringsmiljo>

STRATEGISK STUDIENEMND VIL HA DIGITALT PENSUMLISTELYSTEM

På møtet i Strategisk studienemnd 18. oktober vart det vedatt å tilrå at HVO tek i bruk eit digitalt pensumlistesystem i 2018. Andre høgskular og universitet er i ferd med å innføre dette og målet med slike system er å gjere arbeidet raskare og enklare for fagtilsette, å gje lettare tilgang til elektroniske dokument som er tilgjengelege gjennom biblioteket. Leganto er eit døme på eitt av dei mest brukte. Til saman bør ein rekne med at pensumlistene og dermed studiekvaliteten blir betre. Framlegget frå Strategisk studienemnd går no inn i budsjettdiskusjonen for 2018. Nettsidene til Strategisk studienemnd: <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/utval-ved-hvo/strategisk-studienemnd>

NYE WORD- OG POWERPOINT-MALAR

I sommar fekk Høgskulen i Volda nye malar for Word og Powerpoint. Desse ligg inne i programma og her er fleire variantar å velje i mellom. Vel "Opprett ny fil" og klikke deretter på "Delt". Dei nye malane er i tråd med gjeldande grafisk profil.

PRESIDENTBESØK FRÅ JAPAN

Den 30. og 31. oktober får Høgskulen i Volda besøk frå universitetspresident (rektor) Dr. Tomoya Yoshioka ved Rykkyo-universitetet i Japan. Han kjem med eit følge på tre andre universitetsleiarar og dei blir i Volda 30.-31. oktober. Rikkyo-universitetet er eitt av dei leiande i Tokyo og har ca 20.000 studentar og 2.700 tilsette. Universitetet har ein humanistisk og samfunnsvitskapleg profil og satsar sterkt på å utvide sine internasjonale faglege kontaktar. Representantar frå Rykkyo var i Volda også i fjor, men då på lågare nivå. Høgskulen i Volda har utvekslingsavtale med Rykkyo og alt sendt studentar til Japan. Vi kan truleg vente oss fleire japanske studentar til Volda i åra som kjem på grunn av dette samarbeidet.

https://en.wikipedia.org/wiki/Rikkyo_University

550 DELTAKARAR PÅ BARNEHAGEKONFERANSEN

Fagmiljøet ved barnehagelærarutdanninga arrangerer for 15. gong barnehagekonferanse i samarbeid med Utdanningsforbundet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Konferansen har heile 550 deltakarar og stangar i taket når det gjeld konferansekapasitet i Møre og Romsdal. Dei fleste deltakarane på konferansen er pedagogisk personale ved barnehagar i Møre og Romsdal.

Les meir om barnehagekonferansen: <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Barnehage-og-opplaring/Barnehage/Barnehagekonferansen-2017---RESPEKT/>

STYREMØTE OG STYRESEMINAR I ÅLESUND 26.-27. OKTOBER

Høgskulestyret har torsdag og fredag denne veka styreseminar og styreseminar i Ålesund. Møta er lagt til Ålesund for at styret også skal få med seg opninga av den store barnehagekonferansen som høgskulen er medarrangør for. Styremøtet blir ikkje strøyma på video. Styreseminaret skal handle om studieportefølje og om struktur/strategi for åra som kjem. Her er saksdokumenta til styremøta: <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/hogskulestyret/saksdokument>

BOKLUNSJ MED ERIK FOOLADI I BIBLIOTEKET TORSDAG 26. OKTOBER KL 11.30

[Kjemi på kjøkkenet](#) er ei populærvitskapeleg bok skriva av Erik Fooladi, førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda, og Anu Hopia, professor ved Universitetet i Turku. Boka er utforma og illustrert av den finske designkunstnaren Aki Scharin. I boklunsjen vil Erik Fooladi snakke frå, om og rundt boka. Les også omtale av boka i Sunnmørsposten i dag tysdag 24. oktober.

NYE INNLEGG I REKTORBLOGGEN

[Høgskulen og næringslivet? Klart det!](#) (21. oktober 2017)

[Biblioteka på Vestlandet: Færre bøker – fleire studentar](#) (2. oktober 2017)

KOMANDE HENDINGAR

24. okt. 50ress- og studieinstruksjon for studentar post@hivolda.no

6101 Volda

Jopllassvegen 11

hivolda.no

tlf. 70 07 50 00

6103 Volda



- 25. okt. [Erasmus Lunch Hour](#)
- 26. okt. [Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal, 2017](#)
- 26. okt. [Styreseminar og styremøte 6/2017](#)
- 26. okt. [Boklanseringslunsj: Kjemi på kjøkkenet](#)
- 31. okt. [Utdanningsdagane 2017](#)
- 8. nov. [Fagdag: Autismespekterforstyrrelser hos barn og unge](#)
- 7. des. [Styremøte 7/2017](#)